

# Planstrategi for Kvam herad

2020 - 2023



## Innhald

1. Innleiing	s. 3
2. Overordna plangrunnlag	s. 3
3. Nasjonale utfordringar og forventningar	s. 4
4. Regionale utfordringar og forventningar	s. 5
4.1. Særtrekk ved indre delar av Vestland fylke	s. 6
5. Lokale utfordringar og forventningar for Kvam herad i planperioden 2020 - 2023	s. 7
5.1. Samfunnsutviklarrolla	s. 7
5.2. Arbeidsgjevarrolla	s. 19
5.3. Ressursforvaltar- og tenesteytarrolla	s. 20
6. Oversikt over kommunen sitt planarbeid i perioden 2016 til 2019	s. 27
7. Prioriterte planar i heradsstyreperioden 2020 - 2023	s. 29

Bileta på framsida er tekne av Eirik Dyrøy Lotsberg, HF (fotballspelarar), Øyvind Strømmen (Kjerringadalen og epler) og Jon Nedkvitne (seglskuta Mathilde). Takk til Hordaland Folkeblad for lån av fotballbiletet.



# 1 Innleiing



Heradsstyret skal minst ei gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10 -1. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra, for å leggja til rette for ei ynskt utvikling. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal heradsstyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit viktig verktøy for å vurdere planressursar, og den samla trongen til kommunedelplanar, tema- og sektor (fag)planar, samt viktige offentlege reguleringsplanar. Strategien skal også ta stilling til om planar bør opphevast.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon. Oppe til høgre er ein oversikt på samanhengen mellom planstrategi, kommuneplan og m.a. budsjett og økonomiplan.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhenta synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Det er elles ikkje same krav til medverknad som i kommuneplanar og planprogram etter plan- og bygningslova.

Forslaget til vedtak i heradsstyret skal og gjerast offentleg kjent, minst 30 dagar før handsaminga i heradsstyret.



## 2 Overordna plangrunnlag

- "Der folk bor", Status kommune 2020, KS.
- Folkehelseoversikt for Kvam 2020-2023
- Gjeldande planstrategi frå 2016 for Kvam herad
- Statusoversikt over gjeldande kommune- og kommunedelplanar, samt andre strategiske temaplanar
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Kgl.res)
- Statlege planføresegner
- Regional planstrategi
- Fylkesplan og fylkesdelplanar
- Samfunnsdelen til kommuneplanen
- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplan for Kvamskogen
- Kommunal oversikt - reguleringsplanar
- Kommunedelplanar for ulike verksemdsområde
- Heradsstyrevedtak som omhandlar tiltak i kommunen sin planstrategi
- Kommunale temaplanar, analysar, utgreiingar og større prosjekt


### 3 Nasjonale utfordringar og forventningar

Plan og bygningslova frå 2008 innførte eit lovbestemt krav, om at regjeringa kvart fjerde år, skal utarbeida eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette for å fremma ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal leggest til grunn for arbeidet til heradsstyra.

Regjeringa legg vekt på at me står ovanfor fire store utfordringar:

- å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- å skapa eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Dei 17 berekraftmåla er framstilt i ein pyramide, der eit nivå byggjer på nivået under (jf figuren nedanfor). Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



## *Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling*

Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisera ei berekraftig samfunnsutvikling.

Regjeringa legg vekt på:

- FN sine berekraftmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging
- Tydeleg retning for samfunnsutviklinga
- Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
- God gjennomføring av arealplanar
- Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga

## *Vekstkraftige regionar og lokal-samfunn i heile landet*

Eit berekraftig velferdssamfunn er avhengig av at det vert skapt verdiar og arbeidsplassar i heile landet.

Grunnlaget skal liggja i:

- at næringsutvikling gjev grunnlag for velferd
- eit samfunn med låge utslepp, som er trygt tilpassa klimaendringane
- aktiv forvaltning av natur og kulturminneverdiar
- ressursbasert næringsutvikling

## *Berekraftig areal- og transportutvikling*

Regjeringa vil halde fram å byggja ut samferdsle-nettet i heile Noreg. Utbygginga vil vera basert på:

- Styrkt knutepunktutvikling
- Meir vekt på regionale løysingar

## *Byar og tettstadar der det er godt å bu og leva*

Byar og tettstadar i vekst treng heilskaplege grep for å verta funksjonelle og for å få eit meir integrert samarbeid om areal- og transport. Dette skal gjennomførast via:

- Opne og inkluderande lokalsamfunn
- Trygge og helsefremjande lokalsamfunn
- Kvalitet i dei fysiske omgjevningane
- Levande sentrumsområde

# 4 Regionale utfordringar og forventningar

Frå 1. januar 2020 vart Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slått saman til Vestland fylke. I etterkant har det vorte laga "Utviklingsplan for Vestland 2020 –2024. Regional planstrategi"

Arbeidet er inndelt på fylgjande vis:

### **1 Innleiing:**

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Kunnskapsgrunnlag – Statistikk og utviklingstrekk
- Utfordringar for fylket og regionane
- Folkehelseoversikt 2019 -2023

### **2 Eit berekraftig og skapande Vestland:**

- Langsiktig visjon og samfunnsoppdrag
- Berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling
- Hovudmål for perioden 2020 –2024
- Utvikling av berekraftsindikatorar i Vestland
- Samarbeid for å nå måla

### **3 Hovudmål og strategiar**

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Mål 4: Lika moglegheiter for å delta i verdiskaping

### **4 Planbehov i perioden 2020 -2024**

- Behov for regionale planar
- Behov for temaplanar

### **5 Plansystem i Vestland**


Plantypar i Vestland: Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ. Framdrift, organisering og medverknad i regionale planprosessar.

Oppsummert skal Vestland fylkeskommune vera ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. Vestland fylkeskommune oppmodar til arbeid på tvers av fag og sektorar, og mellom forvaltningsnivå.

## 4.1 Særtrekk ved indre delar av Vestland fylke

- Folketalsnedgang
- Store avstandar
- Gode skuleresultat og attraktive høghskulemiljø
- Næringsliv med styrke innan reiseliv og fornybar energi / industri
- Stort mangfald og store verdiar i natur- og kultur-landskap

- Stor skredfare
- Liten tilgang på høghfrekvent kollektivtilbod
- Høgh trivsel



Folketalsutvikling 1. januar 2013 - 1. januar 2018. Tal i prosent.

Kjelde: SSB, tabell 07459 / "Vestland - utfordringar for fylket og for regionane".

## 5 Lokale utfordringar og forventningar

### for Kvam herad i planperioden 2020 - 2023

Det er forventa at kommunane planlegg korleis det skal arbeidast mot ei berekraftig samfunnsutvikling, og korleis sosial rettferd og god folkehelse skal sikrast (Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, 2019, s. 3). Dette er faktorar som er avgjerande for berekrafta i eit samfunn (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019, s. 8).

Vestland fylkeskommune oppmodar kommunane om å nytta "Utviklingsplan for Vestlandet" til inspirasjon, særleg når det gjeld arbeidet med FN sine berekraftsmål som kommunar og fylkeskommunar skal leggje til grunn for si planlegging. Gjennom fire målsettingar har fylkeskommunen søkt å fremje eit heilskapleg perspektiv på berekraftarbeidet, der alle berekraftutfordringane vert sett i samanheng.


I Kvam herad har me i lengre tid arbeidd med utfordringar, mål og tiltak/handlingsplanar ut frå dei ulike rollene kommunen har: samfunnsutviklarrolla, arbeidsgjevarrolla, ressursforvaltar- og tenesteytarrolla. Dette er roller som er gjennomgåande i overordna planar, budsjett og økonomiplan, og er nytta under for å gje ein oversikt på kva lokale utfordringar som bør svarast ut med planarbeid i den komande planperioden.

#### 5.1 Samfunnsutviklarrolla

1. januar 2020 var folketalet i Kvam 8 457 innbyggjarar. Folketalsutviklinga i Kvam har vore relativt stabil sidan 2000 og fram til 2020. Det høgaste talet var 8 599 innbyggjarar i 2003 og det lågaste talet var i 2008, med 8 210 innbyggjarar. Prognosane for framtida tyder på ein nedgang dei neste 25 åra. Vestland fylke sine befolkningsprognosar basert på tal frå 2019 (hovudalternativet) viser ein gjennomsnittleg reduksjon i tal innbyggjarar på ca 0,1% fram mot 2045. Det er særleg dei yngre aldersgruppene som vil ha ein reduksjon medan andelen eldre vil auka. I fylgje Statistisk sentralbyrå sin prognose (middels nasjonal vekst) fram i mot 2044, så skal me verta 8 273 innbyggjarar i kommunen.

Det mest interessante og utfordrande er likevel befolkningsamansetjinga. Folk i Kvam vert gamle, forventa levealder for kvinner er 85,5 år. Snittet i Hordaland var 83,9 år. Forventa levealder for menn i Kvam er 80,2 år. Snittet i Hordaland var 79,5 år. Tek me for oss dei over 67 år så utgjer dei i dag 18,4%. I 2045 vil dei over 67 år, utgjera 25,9%. For aldersgruppa 0 til 19 år, vil prosenten falla i frå 24,5% i 2019, til 22,6% i 2045. Dei yngste, mellom 0 og 5 år, vil verta 8% færre i frå 2019 til 2030. Gruppa frå 80 til 89 år vil veksa med 45,7% i same perioden.

Tabellen viser %-vis endring av folketalet i Kvam frå 2013 til 2019. Kjelde: SSB.




## Innflytting, utflytting, fødsler og død

I Kvam vart det i 2019, fødd 80 personar, medan det var 61 personar som døydde. I 2000 vart det fødd 103 personar, medan det var 104 personar som døydde. I 2019 var det 32 personar som innvandra i frå utlandet og 30 personar som utvandra. I same tidsperioden var den innanlandske tilflyttinga 230 personar og den innanlandske utflyttinga var på 235 personar. Den samla folkeveksten i 2019, var på 16 personar.


## Fleire eldre og færre i arbeid

Fruktbarheita i Noreg er svært låg, i 2019, vart det født 1,56 born pr kvinne. I 2009 låg fruktbarheita på 1,98 born pr kvinne. Samstundes med at fruktbarheita går ned, aukar den forventa leveladeren for både kvinner og menn. Fruktbarheita er historisk låg, og utfordrande for framtida, med tanke, med færre unge og fleire gamle.


Talet på innbyggjarar går ned i dei yngste årsklassane, medan dei aukar i dei eldste årsklassane. Denne utviklinga får konsekvensar for både for kommunen sine tenester og samfunnsutviklinga i kommunen.



Figuren syner tal innbyggjarar i Kvam fordelt i aldersgrupper frå 0 - 19 år, frå 2000 til 2045.



Figuren syner tal innbyggjarar i Kvam fordelt i aldersgrupper frå 20 - 59 år, frå 2000 til 2045.



Figuren syner tal innbyggjarar i Kvam fordelt i aldersgrupper frå 60 år og oppover, frå 2000 til 2045.

	2019	2030	2045	Prosent endring 2019 – 2045
<b>Vestland</b>	39,8	41,8	43,9	4,0
<b>Kvam</b>	42,6	44,5	46,4	3,8

Tabellen syner endring i gjennomsnittsalder for innbyggjarane i Vestland fylke og Kvam herad.



## Utanforskap, mangfald og integrering

I stortingsmelding 13.(2018 – 2019) legg regjeringa opp til å motverka utanforskap og leggja tilrette for eit sosialt berekraftige samfunn der flest mogleg kan bidra som ein del av fellesskapet. Utanforskap er definert som ein situasjon der ei gruppe individ i mindre grad deltek i samfunnet enn andre, t.d. innvandrarakar, pensjonistar eller andre. Eit kulturelt mangfald kan opplevast som berikande i nokre samfunn, medan andre kan oppleva det som litt trugande og noko litt ukjent. Integrering betyr i utgangspunktet å innpassa noko i ein større heilskap.

Innvandrarbakgrunn er definert som personar som sjølv er født i utlandet, med foreldre som også er det, eller personar født i Norge men der begge foreldra er født i utlandet. Andelen innvandrarakar i Kvam er noko lågare enn i befolkninga elles men føl same utviklinga som i Noreg og Vestland.


I Kvam er 11,7 % av befolkninga innvandrarakar. I 2000 utgjorde innvandrarakar og norskfødte med innvandrarakar

foreldre om lag 2%. I 2019 hadde andelen auka til ca 10%. I 2020 budde i det 869 innvandrarakar i Kvam.


Frå 2013 og fram til 2019 har auken i delen innvandrarakar i Kvam flata ut. Hovudårsaka til utviklinga er redusert arbeidsinnvandring samt færre mottak av flyktningar.

I eit folkehelseperspektiv kan auka innvandring både gje ressursar og utfordringar for eit lokalmiljø. Det er særskilt viktig å ha merksemd på utjamning av sosiale helseskilnader då utdanning, inntekt, språk, kulturforskjellar mv er faktorar som påverkar sosiale skilnader i helse. Me veit at innvandrarakar er ei utsett gruppe i høve til sosial ulikskap i helse.

Til Kvam kjem det flest innvandrarakar frå Europa (Litauen og Polen). Desse er i all hovudsak arbeidsinnvandrarakar. Kvam har og ein del innvandrarakar frå Midtausten og Afrika (Syria, Eritrea, Somalia og Kongo) og Asia (Thailand og Filipinane). Det er ei overvekt av menn som kjem frå Europa, medan det er fleire kvinner frå Asia. Frå Afrika er kjønnsforskjellane små, men med ein tendens til fleire menn.




Figuren syner andelen innvandrarakar i Noreg, Vestland og Kvam, i perioda 2000 – 2019. Kjelde: SSB.



Tabellen syner prosentvis innvandring til Noreg, fordelt på verdensdel. Kjelde: SSB.

Urolege stader rundt om i verda har stor innverknad på kor flyktningane kjem i frå. På bakgrunn av konflikter ulike stader i verda er dette biletet stadig i endring. Det er vanskeleg å seie korleis flyktningstraumane vert i tida framover.

I arbeid med utviklingsplan for Vestland og dei påfølgande regionale planane vert det meisla ut regional politikk på integreringsfeltet. Dette er ein ny arena for tett samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen framover.



Andelen i aldersgruppa 16 - 25 år som står utanfor utdanning og arbeid (2019), totalt og blant innvandrarakar.

*For å få til ei vellykka integrering er det viktig at barna går i barnehage og skule, at familien har ein god bustad og tilfredsstillande økonomisk situasjon. I tillegg bør barn og unge ha moglegheit til å delta i aktivitetar på fritida, oppleve aksept, føle at dei høyrer til og kunne påverke eige liv.*

Frå FHI sin oppvekstprofil for Kvam

## Skilnader i levekår

Helsa vert betre for kvart trinn på den sosio-økonomiske stigen. Jo lengre utdanninga eller høgare inntekta er, desto betre er helsa. Ikkje berre har dei nest fattigaste betre helse enn dei aller fattigaste, me ser og at dei aller rikaste i gjennomsnitt har litt betre helse enn dei nest rikaste.

Dei sosiale helseforskjellane gjeld for nesten alle sjukdomar, skader og plager. Me ser forskjellane i alle aldersgrupper, og hos menn og kvinner. Dei inneber mange tapte arbeidsdagar og leveår med god helse og livskvalitet.

Med låginntektshushald forstår me i denne samanheng som inntekt under 60 prosent av nasjonal medianinntekt, berekna etter EU-skala. Delen barn i låginntektshushald (EU 60) i Kvam ligg på nivå med Vestland fylke men noko lågare enn landet. Utviklinga for denne faktoren har gått i ugunstig retning dei siste åra (sjå figur nedanfor).


Flyktningar og arbeidsinnvandrara har ofte av ulike

årsaker som utdanning, språk mv låglønsyrke. Personar som går på introduksjonsløn/vaksenopplæringa har og ei relativt låg inntekt. Nasjonale tal viser at barn med innvandrarakgrunn utgjør 50% av alle barn i økonomisk utsette familiar.


Ungdom som veks opp i hushald med låg inntekt opplyser oftare at dei har færre vener og er mindre aktive i organisert aktivitet enn andre. Ved å stå utanfor fritidsaktivitetar går dei glipp av ein viktig arena for å treffe andre og for å utvikle sosial kompetanse. UngData frå våren 2017 viser at om lag 5 prosent av ungdomane i Kvam opplever at familien har dårleg økonomi stort sett heile tida.

Uansett årsak er det ein aukande del barn i Kvam som bur i låginntektshushald. Framover bør me følgja med og vurdere tiltak for å førebygga, bremsa og reversera utviklinga. Nokre tiltak er etablert og det kan tenkast at det vil ta nokotid før me ser effektar av desse.

Mobbing er ein vesentleg individuell risikofaktor for psykiske lidningar. Barn som vert mobba har opptil sju



Tabellen syner andelen born (0 - 17 år) i låginntektshushald (EU 60) i Kvam, Vestland og Noreg i perioda 2010 - 2018. Kjelde: Oppvekstprofil for Kvam, Folkehelseinstituttet.



Tabellen syner medianinntekt per hushald før skatt for ulike typar hushald i Kvam, Hordaland og Noreg, i perioden 2010 - 2018.

gonger høgare risiko for psykiske plager som frykt, depresjon, einsemd og rastlausheit, enn barn som ikkje vert mobba.

Årsakene til sjukemeldingar er ofte mange og samansette. Muskel- og skjelettlidingar samt lettare og moderate psykiske plager er likevel dei hyppigaste årsakene til langtidsjukemeldingar

Grupper som står utanfor arbeidsliv og skule har oftare dårlegare psykisk helse og meir usunne levevaner enn dei som er i arbeid.

Sjukdomar i muskel-skjelettsystemet og psykiske lidingar står for dei fleste uførediagnosane. Slik er det også i Kvam. Andelen uføre i Kvam ligg omtrent på nivå med landet, men noko over snittet for Vestland fylke. Omkring 520 personar er uføre i Kvam. Både i landet, Hordaland og i Kvam er det fleire uføre kvinner enn menn.

Økonomisk tryggleik og gode bustadforhold er viktig for at born og unge kan fungere godt både sosialt og i skulen. Kommunen har verkemiddel som kan sikra ein stabil bustad, tilknytning til arbeidslivet og betra den økonomiske situasjonen for utsette born

og familiar. Føreseieleg økonomi fører til tryggleik og overskot i familien og er ofte ein føresetnad for at familien skal ha nytte av anna hjelp. Kommunen har verkemiddel for å betra oppvekstvilkåra i område der det bur mange låginntektsfamiljar. Gode uteområde og fritidstilbod som er tilgjengelege for alle, kan bidra til å heve kvaliteten på buområde og jamne ut sosiale ulikskapar.

### Ungdom, trivsel og tilhøyre

Attraktive og framtidsretta skuletilbod for dei mellom 16 og 19 år er viktig for ungdom å høyra til i bygda. Det er naturleg at unge flyttar ut frå kommunen etter vidaregåande skule, det viktigaste er at dei kjem tilbake etter endt utdanning, og at dei har med seg gode opplevingar i frå barne- og ungdomstida i Kvam.

Kvam er ein kommune med mange positive levekårsfaktorar, mellom anna nærleik til natur, eit rikt kultur og idrettstilbod mv. At kvar og ein av oss trivst krev at mange levekårsfaktorar vert oppfylt i positiv retning: Helse, jobb, gode sosiale nettverk og tilhøyre i lokalsamfunnet.

## Trivsel


Alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen. Høg grad av trivsel er eit sentralt mål for folkehelsearbeidet. For born og unge er skulen ein svært viktig sosialarena. Trivsel på skulen er ein av ei rekke faktorar som påverkar elevane sin motivasjon for å læra, og dermed deira evne til å meistra dei utfordringane skulekvardagen gjer.

I Kvam har me ei målsetting om at alle elevar skal trivast på skulen, og oppleva eit trygt og godt skulemiljø.

Kvart år vert det gjennomført elevundersøking i heile landet for 7.trinn og 10. trinn. I undersøkinga vert det mellom anna sett på trivsel og mobbing. Resultata frå Kvam tyder på at elevane sin generelle trivsel på skulen er bra. Nærmare 90% av elevane, nokre fleire på 7.trinn enn 10.trinn, svarar at dei trivst på skulen. Det er ein tendens til at jenter trivst noko betre enn gutar, men skilnadane er små. Tal frå UngData undersøkinga i Kvam frå 2017 viser det same bilete, omkring 90% av elevane trivst på skulen.

## Psykisk og fysisk helse

Grunnlaget for psykisk og fysisk helse i vaksen alder vert for ein stor del lagt i barne- og ungdomsåra. Kommunen har fleire verkemiddel som kan fremme fysisk aktivitet, sunt kosthald og god psykisk helse og livskvalitet. Figuren viser andelen ungdomsskuleelevar i kommunen som er nøgde med helsa. Kommunen si helsestasjons- og skulehelseteneste har ei viktig rolle i arbeidet med å fremme god helse hos barn og unge.



Andelen ungdomsskuleelevar som har oppgjeve at dei er nøgde med helse (Ungdata, 2017 - 2019).

*Det er ei utfordring for regionen at unge i for stor grad flyttar frå heimplassen utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Fråfall i idretten er aukande, og unge har låg valdeltaking. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyra til ungdom, for å auke trivsel og vilje til å satse i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur, og tilgang til utdanning og bustad, er viktig.*

Frå utviklingsplan for Vestland

*I mange kommunar bur det unge som har svak tilknytning til skule og arbeidsliv, og som heller ikkje deltar i organiserte fritidsaktivitetar. Utan eit godt nettverk og sosial støtte kan desse unge søke mot negative fellesskap som ytterlegare svekker tilknytninga til samfunnet*

Frå FHI sin oppvekstprofil for Kvam


## Sentralisering

Sentrale område i landet har hatt den største veksten både i arbeidsplassar og tilflytting. Men det er også fleire distriktskommunar som også klarar seg godt. I Kvam har befolkningsnedgangen vore relativt liten, samanlikna med andre distriktskommunar som ikkje har same tilgangen på ein større bu og arbeidsmarknad, slik som i Kvam.


Sentraliseringstrenden finn me og i Kvam.

Dersom me går 10 år tilbak i tid og tek utgangspunkt i 2010 og ser på endringar på tal innbyggjarar i dei ulike bygdene i Kvam, finn me tydelege teikn på ein sentraliseringstrend. Truleg vil me sjå ei ytterlegare sentralisering i den neste 25-årsperioden.

Om me delar befolkninga inn i ulike aldersgrupper viser befolkningstala frå 1.1.2020 at andelen barn og unge er høgast i Øystese og Norheimsund medan desse to bygdene og har den lågaste delen eldre.





Figuren viser prosentvis endring i tal innbyggjarar i ulike bygder i Kvam, frå 2010 og fram til idag.



Befolknings-samansetninga i dei ulike bygdene i Kvam.

I kommuneplanen sin arealdel og i samfunnsdel er det lagt opp til ei vidare satsing på fem sentra i kommunen. Norheimsund, som region- og kommunesenter, Øystese, Ålvik og Strandebarm/Tangerås som lokalsenter og Tørvikbygd som nærsenter. Arealstrategiane byggjer opp om sentra, med tilrettelegging av industri- og næringsareal i randsonane rundt sentra.

Prisen per kvadratmeter er lågare på bustader i Kvam enn i gamle Hordaland fylke (30-40% lågare kvadratmeterpris). I tillegg er det forskjellar i bustadpris mellom bygdene i kommunen. Dette heng både saman med sentraliseringa innanfor eigen kommune og graden av nye bustader i dei ulike bygdene.



## *Deltakande innbyggjarar*

Interessa for politikk i befolkninga er stigande og valdeltakinga auka betydeleg i 2019, spesielt hjå dei unge. Tilliten til kommunen og kommune-politkarane er stabil og innbyggjarane føretrekkjer folkevalde i eige kommunestyre som kanal for å fremma sine interesser. Innbyggjarane meiner at kommunestyret er viktig for demokratiet. (KS)

I Kvam har var den samla valdeltakinga på 70% ved kommunevalet i 2019. I Norheimsund var deltakinga på 72%, i Øystese på 70%, i Tørvikbygd på 73%, i Strandebarne på 66% og i Ålvik på 70% (Kjelde: NRK).

For heile landet var valdeltakinga på 64,7% (Kjelde SSB).

Kommuneplanens sin samfunnsdel i frå 2015 framhevar lokaldemokratiet. Ei aktiv og deltakingande befolkning er grunnlaget for eit godt folkestyre og eit levande lokaldemokrati. Deltaking i politiske parti, idrettslag, velforeiningar eller frivillige lag og organisasjonar er grunnlaget for at lokalsamfunnet skal blomstra. Det viser seg vanskelegare å motivera og engasjera innbyggjarar i til aktiv politisk deltaking.

I Kvam har ungdomsrådet fått ein viktig plass i det i det politiske og deltakingande arbeidet. Det frivillige arbeidet er ein svært viktig del av samfunnstrukturen i kommunen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel var målet for frivillig sektor at frivilligheit og dugnadsinnsats skal vera eit viktig fundament i lokalsamfunnet. Strategien for dette målet? I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.

## *Omstillingsdyktig næringsliv og utvikling av opplevingsøkonomien*

Utvikling av næringslivet er viktig for å sikra god velferd og attraktiv stadsutvikling. Næringslivet er mange stadar ein nykkelfaktor for å rekruttera fleire innbyggjarar, og samstundes får innbyggjarane til å verta buande i kommunen (KS) Tilgang til arbeid innafor ein rimeleg avstand i frå der folk bur, er vesentleg, spesielt for at den yrkesaktive delen av befolkninga skal busetja seg.

Næringslivet og kommunen må samarbeida om det grøne skiftet, og vera villige til ei omstilling. Skal me redusera klimagassutsleppa må me omstilla samfunnet.

Næringslivet har ei viktig rolle. I Kvam kjem mesteparten av klimagassutsleppa frå Bjølvefossen. Bjølvefossen er underlagt EU sitt system med kjøp og sal av klimakvotar. Ser ein bort frå Bjølvefossen, kjem brorparten av klimagassutsleppa i Kvam frå vegtrafikk, sjøtransport og jordbruk.

Vestlandet er landsdelen som er mest råka av ekstremvær, og har særskilte utfordringar med å tilpassa busetnad og infrastruktur til klimaendringane.

Opplevingsøkonomien vart introdusert i kommuneplanen sin samfunnsdel i frå 2015. I den sistnemnde heiter det:

“Opplevingsøkonomien er eit paraplyomgrep som dekkjer mange godt etablerte bransjar. Opplevingsøkonomi er eit nyttig ord for å kommunisera om økonomiske effektar og spesielt verdiskaping gjennom opplevingar. I opplevingsøkonomien vert merksemda flytta frå produkt og serviceleveranse og over til kunden sine opplevingar som det verdiskapande element.

Målet for framtida er å få fleire til å villa bu i kommunen, få fleire til å villa driva næring eller vera med og vidareutvikla eksisterande næringer i kommunen, og sist men ikkje minst få innbyggjarane til å «oppleva» at dei kan besøka alle tilboda kommunen byr dei.

I strategidokumentet som vart utarbeid som grunnlag for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med sin planstrategi, er det lagt vekt på fylgjande faktorar for næringsutvikling i indre Vestland:

- Næringsliv med styrke innan reiseliv og fornybar energi/industri
- Stort mangfald og store verdiar i natur- og kulturlandskap

Kvam har ressursar innafor desse områda som vil vera ein del av ei framtidsretta næringsutvikling.



Dei største næringane i Kvam i dag er helse og sosial, industri og varehandelen. Flest kvinner i Kvam er sysselsette i helse og sosialtenester medan flest menn arbeidar innan industri og bygg og anlegg

### Infrastruktur, utbygging og arealbruk


Mykje infrastruktur har komme på plass i samband med Kvammapakken, men det er også store utfordringar som skal løysast i komande heradsstyreperiode. Den største utfordringa er rassikringa i Tokagjelet og tunell til Eikedalen. Samstundes er det viktig å få på plass trygge gang og sykkelveggar på Kvamskogen, i Ålvik, attverande område i Øystese, mot Laupsa og ved Tangerås.

Utbygginga i Kvam dei komande åra vil vera basert


på kommuneplanen sin arealdel, basert på arealstrategiar og utbyggingsmønster i vedtatt arealdel. Dei viktigaste arealstrategiane er bygt opp omkring:

- senterstruktur
- utnytting av landbruk- natur og friluftsområde
- industri- og næringsareal
- funksjonell strandsone
- område for akvakultur
- gjennomgang av nye reguleringsplanar
- veg til Tolomarka
- Hardangertunell
- massedeponi

Arealdelen er nyleg vedteken, men på slutten av heradsstyreperioden bør førebuing til rulleing starta, slik at dette kan gjennomførast i neste periode.



Tabellane syner tal på sysselsette kvinner og menn innan ulike næringar, i perioden 2017 - 2019.



## *Klima- og miljøvenleg utvikling*

Kommunen skal spela ein viktig rolle i det grøne skiftet. Kommunen kan gjera konkrete grep for å redusera utslepp i eige verksemd, leggja til rette for lågare utslepp som planstyremakt, bruka si innkjøpsmakt, og vera eit førebilete i høve til innbyggjarar og næringsliv.

«Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare fellesgode som kan gi grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av den historiske bygningsmassen kan også gi betydelege klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk er nokre av dei viktigaste påverknadsfaktorane for kulturminne og kulturmiljø i Noreg.» skriv Vestland fylkeskommune i sin merknad til arbeidet med planstrategi for Kvam herad

Fylkesmannen ber kommunen sjå på om kunnskapen om friluftsverdiane bør oppdaterast for å kunne forvalte både regionalt og lokalt viktige friluftsområde på ein berekraftig måte, og lokal tilrettelegging av friluftsområde i nærmiljøet. Det vert rådd til å kartleggja friluftsliv etter metoden i Miljødirektoratets rettleiar M98-2013. Rettleiaren tilrår at dette arbeidet vert integrert i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen og blir brukt som grunnlag for arealplanlegging.

Sjølv om det ikkje vert føreslått å revidera kommuneplanen sin arealdel, er det viktig at kommunedelplan for Kvamskogen tek opp i seg ei god kartlegging av natur, kultur og friluftverdiane, basert på ei klima- og miljøvenleg utvikling.

Skal Kvam oppnå ei berekraftig utvikling bør det koma på plass oppdaterte kartleggingar av det biologiske mangfaldet på land og i fjorden, samstundes som energi- og klimaplanen legg føringar for arbeidet rundt klima og klimatilpassing.

Fylkesmannen legg vekt at planstrategien bør leggja til grunn at kunnskap om viktige naturverdiar skal oppdaterast og vidareutviklast, for å kunne gjere grunnlag for berekraftig økologisk utvikling.



*Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Vi skal nytte våre naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å vidareutvikle eit variert næringsliv med fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. Vi skal bygge vidare på kompetanse, næringsliv og ressursar i regionen for å utvikle nye næringar og industri.*

Frå Utviklingsplan for Vestland, 2020 - 2024

## Samfunnstryggleik

Kvam herad har ein heilskapleg ROS-analyse i frå 2015. Nytt analysearbeid er nyleg starta opp. ROS-analysen vurderer eit breitt spekter av uynskte hendingar og gjev ei oversiktleg oppsummering av funna. Fylkesmannen tilrår at Kvam herad i enno større grad får fram tilhøve som er særeigne for Kvam. Nye risikofaktorar og område der uynskte hendingar vil kunna få større konsekvensar, er døme på kva som bør komma meir tydeleg fram i nye overordna ROS. Vidare bør det og i større grad komma fram korleis uynskte hendingar kan påverka kommunen sin evne til å oppretthalda tenester til innbyggjarane, til dømes helsetenester. Naturfarar vil også ved denne revisjonen ha stor merksemd i den heilskaplege ROS-analysen.

Fylkesmannen tilrår at tiltaka som vert føreslått som oppfylgning av ROS-analysen vert meir konkrete, og at det kjem tydleg fram korleis og kven som har ansvar for vidare oppfylgging.

Naturfare vert vurdert i alle arealplanar og i enkelt-saker knytt til byggesaker.

Kvam herad har samla prosedyrar, planar og andre naudsynte beredskapsdokument i kvalitetssikrings-systemet Compilo, i tillegg til beredskapssystemet DSB-CIM, som vert oppdatert fortløpande.


Kvam herad har samla mykje ny kunnskap etter 2015 og har tatt med seg viktige erfaringar til arbeidet med hendingslista.

## 5. 2. Arbeidsgjevarrolla


### Rekruttering og kompetanse

Utdanningsnivået i Kvam følgjer dei same trendane som i Vestland og landet. Kvam skil seg frå Vestland og Noreg i at me har ein høgare andel av befolkninga som har vidaregåande skule (VGS) som høgaste utdanningsnivå, medan me har ein noko lågare del som tek universitet- og høgskule utdanning. Ei medverkande årsak til dette kan vera arbeidsmarknadsstrukturen i Kvam. Kommunen har mellom anna mange arbeidsplassar som krev fagbrev, men relativt få arbeidsplassar for dei med høg/lang utdanning.

Men på same tid har me lang levealder, noko som



Figuren syner andelen innbyggjarar i Noreg, Vestland og Kvam som har vidaregåande skule som høgaste utdanning.



Figuren syner andelen innbyggjarar i Noreg, Vestland og Kvam som har høgskule/universitetsutdanning.

tilseier at me har god helse (helsa er ofte dårlegare med synkande sosioøkonomisk situasjon).

Kvam herad opplever at folk med høgare kompetanse ynskjer å søkja seg til stillingar i kommunen. Det er som oftast god tilgang på kvalifisert arbeidskraft også innafor stillingar der det er krav om høgare utdanning på masternivå.

## Heiltid

Arbeidslivet vil i åra som kjem, verta prega av knappheit på kompetent arbeidskraft og kamp om jobbar. For å løysa samfunnsoppdraget framover må det verta lagt vekt på nye arbeidsmåtar. Samstundes som det må finnast varige løysingar for å oppna måla om heiltidskultur og redusert sjukefråvær.

Noreg er på førsteplass når det gjeld deltidssyssetjing. Det er likevel ingen tvil om at samfunnet er best tent med ein heiltidskultur, både med tanke på kvalitet og kontinuitet i tenestene og fordi behovet for helsepersonell vil auka i takt med auken i talet på eldre med pleie og omsorgsbehov.

Omfanget av deltidarbeid i Kvam herad er for høgt, og ei intern kartlegging viser at 149 tilsette ønskjer høgare stillingsstorleik.

I Kvam er stoda i følgje PAI-registeret pr 1.12.19 at 35,2 % av dei tilsette jobbar heiltid. Ser me nærare på helse/pleie og omsorg er det 20,1 % av dei tilsette som jobbar heiltid. Men ser me isolert på dei som jobbar turnus, er andelen heiltidstilsette berre 9,8% og dei har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 62,5%

I utviklingsprosjektet for pleie og omsorg som starta våren 2019, er tiltak for å auka talet på heiltidsstillingar, eitt av satsingsområda. Strukturelle grep som resulterer i større turnusgrupper, er eitt av dei tiltaka som er forventa størst effekt av. Alternative turnusordningar med t.d. langvakter i helgane eller arbeid 2. kvar helg er andre tiltak som bevisleg har effekt på auka stillingsstorleik.

Fleire politiske parti har framlegg om eit eige heiltidsprosjekt i pleie og omsorg. Kvam har dei siste åra teke fleire grep, t.d. gjennom utviklingsprosjektet i pleie og omsorg, for å kunne tilby større stillingar. Det vert

lyst ut fleire større stillingar enn før, arbeidsplanane vert laga som årsturnusar med høve til årsarbeidstid og større turnusgrupper gir større fleksibilitet og den intern mobilitet i arbeidsstyrken. Heilti handlar om å endra ein kultur, og det har ei materiell og økonomisk side. Kommuneøkonomien tilseier at løysingane må finnast innan eksisterande rammer. Å kunne auka talet på heiltidsstillingar med friske midlar, er ikkje vanskeleg, men å gjera det innanfor eksisterande rammer, er ei utfordring som tek tid og vilje til å tenkja nytt. Rådmannen tilrår ikkje eit eige heiltidsprosjekt, men at det vert arbeidd med problemstillingane innanfor det partssamansette utviklingsprosjektet i pleie og omsorg.

## 5.3 Ressursforvaltar- og tenesteytarrolla

### Strammare økonomiske rammer

Økonomisk handlefridom er viktig for å kunna sikra stabile tenester. Storleiken på den kommunale gjelda påverkar den økonomiske handlefridommen. Kvam herad har i seinare år gjort store investeringar innanfor fleire tenesteområde som pleie og omsorg, barnehage og skule for å handtera eit stort vedlikehaldsetterslep, og for å førebu tenestene på framtidige utfordringar. Investeringssatsinga set krav til at den medfører lågare netto driftsresultat, enten ved høgare inntekter eller lågare driftsutgifter. Det veit me at er vanskeleg å få til i ein del høve, og at me å finna andre innsparingstiltak i drifta for å ha råd til å betala auka avdrags- og renteutgifter.

I Kvam har me to inntektskjelder (kraft og havbruk) som medfører at me har hatt litt meir ressursar til å yta tenester til innbyggjarane våre enn andre kommunar med same storleik. I Kommunal Rapport sitt kommunebarometer som målar kommunane i landet opp mot kvarandre, ligg me på 136. plass i 2019. Best plassering har me for pleie- og omsorgstenestene, der me har 9. plass. Fleire av dei andre tenestene våre har òg god plassering, medan økonomien trekkjer oss ned.

Kvam herad må rekna med strammare økonomiske rammer i åra framover. Ei av utfordringane er at distriktskommunen stadig vert utfordra på dei generelle og langvarige sentraliseringstrendane. Trendane

KATEGORI	ÅRETS ENDRING	RANGERING
Grunnskole	69 ↗	# 64 >
Pleie og omsorg	7 ↘	# 9 >
Barnevern	27 ↘	# 148 >
Barnehage	22 ↗	# 271 >
Helse	14 ↘	# 25 >
Sosialtjenesten	16 ↗	# 330 >
Kultur	13 ↘	# 141 >
Miljø og ressurser	29 ↗	# 170 >
Saksbehandling	138 ↘	# 220 >
Vann og avløp	74 ↘	# 93 >
Økonomi	9 ↘	# 307 >
Kostnadsnivå	0 ↗	# 253 >

Kvam herad si plassering på Kommunebarometeret, 2019.

vert forsterka gjennom staten sine prioriteringar av byar i vekst når rammetilskot skal fordelast mellom kommunane. Det same skjer i fordelinga mellom stat og kommune når det gjeld inntekter frå kraftproduksjon og havbruk, der staten sin andel aukar. I tillegg deler me den felles kommunale utfordringa med at innbyggjarar får fleire lovfesta rettar til tenester som kommunane skal yta, og nye og eksisterande oppgåver er underfinansiert.

Samla ser dei økonomiske utfordringane i økonomiplanperioden til å krevja innsparingstiltak på ca 25 mnok per år for å koma i balanse. For å oppretthalda tenestenivået i størst mogleg grad, og vera ein attraktiv kommune å busetja seg i, må me i tillegg til å gjennomføra innsparingstiltak, finna nye måtar å organisera tenestetilboda våre på.

### *Nyskaping og digitalisering*

I Utviklingsplan for Vestland vert det peikt på at befolkninga i kommunar som ligg mindre sentralt kan oppleva avstandsulempar i tenestetilbod og næringsliv. Vestland skal motverka dette gjennom nyskaping og innovasjon, og i planen vert det peikt på utvikling av ny digital teknologi og infrastruktur som ein del av løysinga for å fremja kvalitet og nærleik til tenestemottakarar, og for å bryta ned barrierer for næringsutvikling: "Digitalisering skaper nye forretningsmodellar for næringslivet og grip inn i tenestetilbodet i offentleg sektor. I denne utviklinga ligg grunnlaget for store samfunnsendingar knytt til effektivisering, automatisering, robotisering, sirkulær økonomi og nye tenestetilbod basert på digitale plattformer".

I Kvam herad sin digitaliseringsstrategi heiter det: "Kommunal sektor må planleggja for heilskaplege og samanhengande digitale tenester for å møta innbyggjarane og næringslivet sine behov og for å kunne utnytta digitale data i planlegging og oppfølging av eigne tenester. Digitalisering i kommunane og fylkeskommunane legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan medverka til å auke produktiviteten i både privat og offentleg sektor.

For brukarane vil gode digitale løysingar medverka til meir effektiv og enklare kvardag. Med brukarar meiner me innbyggjarar, tilsette, frivillige og offentlege og private verksemdar. Offentleg sektor skal

gjennom gode og samanhengande digitale tenester medverka til heilskaplege digitale tenester og gode tenestetilbod. Mange brukarar er vane med avanserte digitale løysingar og ventar at det offentlege leverer det same. Innbyggjarane sitt behov for ulike kommunale tenester vil i stor grad vera avhengig av kva livssituasjon dei er i.

Nye digitale løysingar må vera universelt utforma, og dei eksisterande løysingane må følgja krava om universell utforming innan 2021. Universell utforming skal medverka til å gjera løysingane lette å forstå og enkle å nytta."

Digitalisering gjer det mogleg å løyse utfordringar i samfunnet på nye måtar og dermed skapar det vinst i samfunnet.

Koronapandemien har og vist av bruk av nye digitale verktøy i den kommunale kvardagen gjev mindre reising og mindre utslepp av klimagassar. Digitaliseringa skal vera eit viktig verktøy på vegen i mot nullutsleppsamfunnet

*Bruk av IKT gir gode moglegheiter for mindre klimagassutslepp og betre miljø. Utfordringa blir å nytte teknologien slik at næringsliv, det offentlege og privatpersonar i heile fylket har like moglegheiter til å ta del i utviklinga. I eit fylke med store avstandar blir digitalisering av tenester viktig for å minske avstandsulempene.*

Frå Utviklingsplan for Vestland, 2020 - 2024

## Forventningar hjå innbyggjarar og næringsliv

Innbyggjarundersøkinga 2019 viser at innbyggjarane har best inntrykk av drikkevasskvaliteten der dei bur, men dei har også svært gode inntrykk av kor trygt det er å bu i sitt nærområde og nærområde til grunnskule. Innbyggjarane har og godt inntrykk av område som renovasjon, natur og miljø, samt moglegheiter til å driva aktivitet innan kultur og idrett.

Når det gjeld kor nøgde innbyggjarane er med dei ulike tenestene, er det brannvesenet og folkebiblioteket som oppnår høgast skår. Plan- og bygningskontoret og kollektivtransporten får lågast skår.

Studiar gjort av Distriktsenteret viser at distriktskommunar prioriterer arbeidet med næringsutvikling høgt. Ulike rapportar viser at det er skilnad på små og store kommunar når det gjeld kva som er viktig for næringslivet. I dei største kommunane er det forventningar til plan og utvikling, kapasitet på infrastruktur, og næringsareal. I mindre kommunar er det meir snakk om kommunen sin rolle som produsent og entreprenør i større grad. Det kan vera forventningar om gode tenester til næringslivet, disponering av ulike økonomiske verkemiddel, og yta rettleiing

og rådgjeving til det lokale næringslivet. Det er og understreka at for å lukkast må kommunen ha rask sakshandsaming og gode reguleringsplanar. Oppfølging av kommuneplanen sin arealdel, med tilrettelegging for nye næringsareal, bør vera ei prioritert oppgåve i perioden.


Kvam herad har gjeve økonomisk støtte til nyetablering og vidareutvikling av verksemder i kommunen.

## Oppvekstvilkår

Fylkesmannen peikar på kor viktig det er med møteplassar for born og unge, det gjeld både barnehagar, skular, idrettsanlegg. I tillegg kjem andre møteplassar, uteareal og tilgang til grøne område nær barnehagar, skular og andre institusjonar.

Figuren under viser møteplassar som er viktig for ulike grupper igjennom heile livet.

Born og unge i Kvam har god tilgang på mange av desse kvalitetane i sitt nærmiljø. På neste side vert det presentert ein tabell over møteplassar knytt til skulane i Kvam, arenaer som er viktige for gode oppvekstvilkår.



Møteplassar for ulike grupper.

Kjelde: Folkehelseinstituttet sin oppvekstprofil

Skule	Tal elevar	Uteareal pr elev	Kvalitetar på utearealet
Strandebarm 1. – 10 skule	143		Kunstgrasbane, Huske/disse ....
Tørvikbygd skule	32		Ballbinge Kunstgrasbane .....
Norheimsund skule	281		Grusbane Zip-line "fleiraktivtetsområde"  Arbeider med vidareutvikling av uteområdet samt utviding av utearealet
Øystese skule	256		Kunstgrasbane Ballbinge (dårleg stand) Stor dissestativ Grasbakke/akebakke Sandkasse Diverse merkingar for ballaktivitetar "turnestenger"  Ved rehabilitering av skulen må/bør utearealet inkluderast i planan
Kvam ungdomsskule	260		Bordtennisbord Street basket Frisbee-golf Sandvolleyball Trampoline Sittegrupper m/tak
Ålvik skule	52		Fleiraktivtetsområde Ballplass ...



I Utviklingsplan for Vestland heiter det: "Det er ei utfordring for regionen at unge i for stor grad flyttar frå heimlassen utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Fråfall i idretten er aukande, og unge har låg valdeltaking. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyra til ungdom, for å auke trivsel og vilje til å satse i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur, og tilgang til utdanning og bustad, er viktig."

Denne utfordringa står Kvam midt opp i. Det er difor viktig å oppretthalda dei vidaregåande skuletilboda som finst i kommunen.

### "Leve hele livet"

Regjeringa gjennomfører kvalitetsreforma "Leve hele livet".

Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å mestra livet. Leve heile livet handlar om dei grunnleggjande tinga som oftast sviktar i tilbodet til dei eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Reforma inneheld 25 utprøvd løysingar på område der me veit at det sviktar i tilbodet til dei eldre. Eit døme er at alle eldre bør ha minst ein time med aktivitet kvar dag, med bakgrunn i eigne interesser og ynskje. Eit anna døme er å oppretta ein samfunnskontakt for å mobilisera til frivillig innsats. Eit tredje forslag er at eldre bør få større moglegheit til å velja kva dei vil eta og dela eit godt måltid med fleire. Regjeringa legg opp til ein prosess kor heradsstyret handsamar og vedtek korleis reforma sine løysingar kan innførast.

Leve hele livet" skal gjennomførast i fasar (sjå figuren nederst).

I reforma vert det lagt til grunn at kommunane i 2019–2020 skal ta stilling til løysingane i reforma.

Kommunedelplan for helse- og omsorg 2015–2030 peiker på strategiar for å utvikla ein aktiv pårørande- og frivilligpolitikk, og utvida samarbeidet både med ideelle organisasjonar og næringsliv. Frivilligsentralane i Noreg sitt motto: «møte mellom menneske» er valt som undertittel på planen. Kvaliteten på tenestene oppstår i møte mellom menneske. God kvalitet er kjenneteikna ved verknadsfulle, trygge og sikre tenester som involverer brukarane, er samordna og prega av kontinuitet, nyttar ressursane på ein god måte og er tilgjengelege og rettferdig fordelte.


"Leve hele livet" må vera eit viktig tema i samfunnsdelen av kommuneplanen, samstundes som kommunen må gjera konkrete tiltak alt i 2021, for å ta tak i reforma.

### Samskaping

Samskaping handlar om å skapa noko i lag.

Aktiv involvering av innbyggjarar basert på likeverdige relasjonar og felles ansvar mellom det offentlege og innbyggjarar.

- Alle involverte aktørar bidrar med sine relevante ressursar, særleg i form av kunnskap
- Alle innbyggjarar har verdifulle kunnskapar og kompetanse som kan bidra til å utvikle kvaliteten i offentlege tenester
- Fokus på varige resultatet snarare enn tenester og produkt.
- Resultatet av samskaping kan erstatta eller



Regjeringa sin tidsplan for gjennomføring av reforma "Leve hele livet".


supplera dei eksisterande offentlege bidraga.

“ Her ser vi at samskaping drives dels av et ønske om effektivisering, det vil si øke kvaliteten på tjenesteyting, men også å ta ut potensialet i lokalsamfunnet ved å benytte ressurser og finne fram til nye løsnings lokalt. Dette kombineres med et ønske om å styrke den demokratiske forankringen.” (NIBR . Dina von Heimburg og Hege Hofstad

Samskaping stod sentralt i arbeidet med kommunedelplan for næring og kompetanse. Samskaping for å skapa nye arbeidsplassar i Kvam.

*Her ser vi at samskaping drives dels av et ønske om effektivisering, det vil si [å] øke kvaliteten på tjenesteyting, men også å ta ut potensialet i lokalsamfunnet ved å benytte ressurser og finne fram til nye løsninger lokalt.*

*Dette kombineres med et ønske om å styrke den demokratiske forankringen.*  
Dina von Heimburg og Hege Hofstad, NIBR



# 6 Oversikt over kommunen sitt planarbeid

## i perioden 2016 til 2019

Kvam herad gjennomførte sin andre planstrategi i perioden 2016 til og med 2019. Planstrategien har i stor grad vore førande og vorte lagt til grunn i kommunen si planlegging, både når det gjeld arealplanar og temaplanar.

Forventningane er ofte store og altomfattande i starten av ein heradsstyreperiode. Det er difor viktig i starten av kvar heradsstyreperiode å sjå på kva utfordringar det er me skal løysa og kva ressursar me har tilgjengelege i den komande perioden.

Planar som ikkje har starta opp bør vurderast på nytt, i arbeidet med ny planstrategi. Om planane skal takast opp på nytt, må vurderast i høve til dei utfordringane som kommunen står framfor dei komande åra.

### Kommunedelplanar

Planar som har vorte vedtatt i perioden 2016 –2019, er:

- Kommunedelplan for avlaup – vedtatt i 2018.
- Kommunedelplan for vatn – vedtatt i 2018
- Kulturminneplan – vedtatt i 2018
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv –vedtatt i 2018
- Kommuneplanen sin arealdel –vedtatt i oktober 2019
- kommunedelplan for Norheimsund (inngår i kommuneplanen sin arealdel).
- Kommunedelplan for Fv-49 – Tokagjelet (vedtatt i 2020).

Kommunedelplanar som har starta opp, men som ikkje er vedtatt:

- Kommunedelplan for energi og klima. Planlagt ferdig i 2021.

Kommunedelplanar som ikkje har komme i gang, men som var vedtatt i planstrategien

- Kommunedelplan for Kvamskogen
- Kommunedelplan for oppvekst

### Overordna temaplanar

Planar som har vorte vedtatt i perioden er

- Digitaliseringsstrategi – vedtatt i 2017
- Beredskapsplan – vedtatt i 2018
- Trafikksikringsplan – vedtatt i 2020

Overordna planar som har starta opp er:

- Overordna ROS – starta opp i 2020 (ikkje starta opp i den føregående perioden).
- Strategiplan for integrering –starta opp i 2020 (ikkje starta opp den føregående planperioden)

Overordna planar som ikkje har komme i gang, men som var vedtatt i planstrategien:

- Frivillighetsplan

### Offentlege reguleringsplanar

Offentlege reguleringsplanar som er gjennomført med endeleg vedtak:

- Ålvik sentrum - Vedtatt i HST-sak 03/17 den 21.02.2017

Offentlege reguleringsplanar som har starta, men ikkje er ferdigstilt

- Ny vegtilkomst til Fjærabygda - under arbeid. Plan på høyring, jf NPB-sak 026/19 den 19.06.2019. -flaumvurderingar
- Reguleringsplan for Tokagjelet - Ungdomsheimen - sett på vent i samband med kommunedelplan for Fv49 – Tokagjelet.
- Reguleringsplan for NAF'en- Eikedalen -sett på vent i samband med kommunedelplan for Fv49 Tokagjelet
- Reguleringsplan for Håfjellstunellen - avslutta i 2016
- Fv7 Øystese-Laupsa/Skarpasvingen - første del avslutta i 2010. Regulert fram til Laupsa. Skarpasvingen med meir er avslutta
- Grustaket i Øystese - Ikkje gjennomført. Avslutta i 2018, mellom anna i samband med at det ikkje vart kraftutbygging
- Reguleringsplan for Laupsa - Ikkje gjennomført. Primært privat reguleringsplan. Ny høyring gjennomført i 2017. Planen starta opp som delvis offentleg plan.

- Ny ferjekai i Tørvikbygd - Ikkje gjennomført. Avslutta.
- Ballbinge på Mundheim – avslutta i 2016

Offentlege planar som ikkje har starta opp, men som var vedtatt i planstrategien

- Områdeplan for Øystese sentrum
- Norheimsund sentrum-delar av sentrum

Offentlege reguleringsplanar –som ikkje er ein del av planstrategien

- Ny helsestasjon på Tangerås og fortetting av eksisterande bustadområde -vedtatt i september 2020
- Kvam vidaregåande skule -oppstart, våren 2020. Plan på høyring, hausten 2020
- Notanes. Gnr 42 bnr 175 m.fl -vedtatt i juni 2020
- Gang og sykkelveg på Kvamskogen –forenkla - oppstart våren 2020
- Gang og sykkelveg – Vikedal i Ålvik -oppstart, våren 2020
- Reguleringsplan for nytt næringsareal i Skarpen gnr 51 bnr 1 – oppstart, våren 2020
- Mindre endring – tilkomstveg til industriområde på Kåskjær - vedtatt i 2017
- Mindre endring – knytt til Mo i Steinsdalen (ny brannstasjon) - oppstart våren 2020
- Mindre endring – ny veg opp til Turistheimen - oppstart våren / hausten 2020

### *Temaplanar som er gjennomført med endelege vedtak*

- Habilitering/rehabiliteringsplan
- Plan for legetenesta
- Kompetanseplan for helse og omsorg
- Smittevernplan
- Rusplan
- Informasjons-og kommunikasjonsstrategi
- Lønspolitisk handlingsplan
- Plan for Kvam familie- og læringscenter
- Habiliterings/rehabiliteringsplan
- Plan for legetenesta

### *Temaplanar som ikkje har starta opp, men som var ein del av planstrategien*

- Helseberedskapsplan - del av overordna beredskapsplan
- Plan for miljøretta helsevern
- Plan for demensomsorga
- Plan for barnehage
- Plan for skule

## 7 Prioriterte planar

### *i heradsstyreperioden 2020 - 2023*

Arbeidet med kommuneplan er det mest ressurskrevjande planarbeidet i kommunen. Gjennomgangen av dei nasjonale, regionale og lokale utfordringane og forventningane, tilseier likevel at arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen må gjennomførast i planperioden. Hovudårsaka er at sjølv om kommunen har begynt på prosessen med å ta inn FN sine berekraftsmål i planarbeidet, er dei så gjennomgripande og overordna at dei må integrerast på høgste plannivå i kommunen. Utviklinga på andre viktige områder for kommunen, som demografi, «Leve hele livet», sentralisering, næringsliv, infrastruktur og ikkje minst klima, skjer òg så raskt at det krev ein gjennomgang av kommuneplanen sin samfunnsdel for å sjå om visjon, mål og tiltak i denne bør endrast for å imøtekoma utfordringar og forventningar på best mogleg måte.

Det er svært mange ynskje for planperioden, men erfaringar viser at me er for optimistiske i høve tidsbruk, særleg der planarbeid skjer parallelt, andre administrative oppgåver er ikkje teke omsyn til og ressursane er avgrensa. I tillegg kan det i løpet av perioden dukka opp nye tema som me må prioritera og som skapar forskyvingar i planarbeidet. Under er det laga ein oversikt på planarbeid som bør gjennomførast i planperioden 2020-2023.

#### *Kommuneplan*

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedtatt den 6. oktober 2015. Planen vart ikkje revidert i føregåande planperiode, og bør difor rullerast i denne perioden. Arbeidet bør prioriterast i starten av denne perioden, då det no har gått ein periode utan revisjon av samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er i frå 2019 og såleis av nyare dato. Det er ikkje trong for rulling av i denne perioden, men førebuande arbeid til rulling i neste, vert starta i slutten av perioden.

#### *Kommunedel-, tema- og fagplanar / strategiar*

Kvam herad fekk gjennomført mange av planane frå siste periode. Nokre er starta, og desse meiner rådmannen bør ferdigstillast. Når det gjeld kommunedelplanar, meiner rådmannen at det i tillegg er viktig å få på plass ein oppvekstplan. Kvam herad har satsa på oppvekst og gjort mykje på området, men arbeidet bør samlast i ein eigen kommunedelplan. Det vert ein kamp om arbeidstakarar framover, og for å tiltrekkja oss innbyggjarar og arbeidskraft, må kommunen kunne skilta med attraktive oppvekstvilkår. Tidleg innsats og attraktive oppvekstvilkår er òg viktig for næringsliv, men her vil rådmannen utvida revisjon av planen til å omfavna nyskaping.

Energi- og klimaplanen nærmar seg ferdigstilling, og vil sannsynlegvis medføra ein del konsekvensar for anna oppfølgingsarbeid, m.a. behov for ein plan for overvatn. Næringsplanen og behov for nyskaping, vil truleg òg verta påverka av denne planen. Det same gjeld for ROS og beredskap.

Demografiutviklinga tilseier at me må løysa ein del av framtidig mangel på arbeidskraft, med bruk av frivillige og import av arbeidskraft. Frivilleplan og ein plan for å få til god integrering, er derfor foreslått prioritert i perioden.

I framlegg til planstrategi er det òg lista opp ein del fagplanar. Hovuddelen av desse planane vil truleg gjelda intern organisering av tenestetilbod innanfor dei ulike faga. Planane/strategiane kan likevel få noko å seia for tilbodet av tenester, som medfører at dei skal politisk handsamast. Dei er difor teke med i oversikten på neste side.

Type plan	Tittel	Type	Oppstart	Ferdig	Ansvar
Kommunedelplan	Energi og klima	Revisjon	er starta	vår 21	Samfunn, næring og kultur
Kommunedelplan	Kvamskogen	Revisjon	er starta	vår 22	Plan og byggesak
Kommunedelplan	Oppvekst	Ny	haust 21	haust 22	Oppvekst
Kommunedelplan	Overvatn	Ny	vår 22	vår 23	Teknisk og informasjon
Kommunedelplan	Nyskaping, næring og kompetanse	Utviding og revisjon	vår 21	vår 22	Rådmann
Temaplan	Overordna ROS-analyse	Revisjon	er starta	vår 21	Teknisk og informasjon
Temaplan	Beredskap	Revisjon	vår 21	haust 21	Teknisk og informasjon
Temaplan	Frivillighetsplan	Ny	vår 21	vår 22	Samfunn, næring og kultur
Temaplan	Integrering	Revisjon	er starta	vår 21	Helse og omsorg
Fagplan/strategi	Demensomsorg	Ny		vår 21	Helse og omsorg
Fagplan/strategi	Smittevern	Revisjon	vår 22	haust 22	Helse og omsorg
Fagplan/strategi	Helseberedskap	Ny	haust 21	vår 22	Helse og omsorg
Fagplan/strategi	Miljøretta helsevern	Ny	vår 21	haust 21	Helse og omsorg
Fagplan/strategi	Ergonomi og fysioterapi	Ny	vår 21	haust 21	Helse og omsorg
Fagplan/strategi	Bibliotek	Revisjon	er starta	vår 21	Samfunn, næring og kultur
Fagplan/strategi	Kulturskule	Ny	haust 21	vår 22	Samfunn, næring og kultur
Fagplan/strategi	Innkjøp	Revisjon	haust 21	vår 22	Økonomi
Fagplan/strategi	Kommunikasjon	Revisjon	vår 22	haust 22	Teknisk og informasjon
Fagplan/strategi	Kommunale eigedomar	Ny	er starta	vår 21	Teknisk og informasjon

## Reguleringsplanar

Reguleringsplanar vert i hovudsak sakshandsama av planavdelinga i kommunen. Nokre større, overordna eller særskilte reguleringsplanar vert utarbeidd i samarbeid med samfunn-, nærings- og kultureininga, før dei kjem til politisk handsaming. Planane kan både vera offentlege og private. I lista nedanfor er dei planane me kjenner til per i dag, men her vil truleg koma fleire i løpet av perioden.

### Reguleringsplanar som starta opp i perioden 2016–2019 og som ikkje er endeleg vedtatt

Skal vera med som ein del av den nye planstrategien:

- Ny vegtilkomst til Fjærabygda - Under arbeid. Plan på høyring, jf NPB-sak 026/19 den 19.06.2019. -
- Kvam vidaregåande skule -oppstart, våren 2020. Plan på høyring, hausten 2020. Ansvar: plan og byggesak
- Gang og sykkelveg på Kvamskogen – forenkla - oppstart våren 2020, Ansvar: plan og byggesak
- Gang og sykkelveg – Vikedal i Ålvik - oppstart våren 2020. Ansvar: plan og byggesak/Vestland fylkeskommune
- Reguleringsplan for nytt næringsareal i Skarpen gnr 51 bnr 1 – oppstart våren 2020. Ansvar: samfunn, næring og kultur
- Mindre endring – knytt til Mo i Steinsdalen (ny

brannstasjon) - oppstart våren 2020. Ansvar: plan og byggesak / teknisk eining

- Mindre endring – ny veg opp til Turistheimen - oppstart hausten 2020. Ansvar: plan og byggesak / teknisk eining

### Reguleringsplanar som ikkje kom i perioden 2020 –2023, men som har vore ein del av tidlegare planstrategiar. Skal vera med som ein del av den nye planstrategien:

- Områdeplanar: Øystese sentrum. Ansvar: plan- og byggesak
- Norheimsund sentrum, Ansvar: plan- og byggesak

### Reguleringsplanar som er nye for perioden 2020 –2023 og som ikkje har vore med tidlegare:

- Gang- og sykkelveg , strekkja i mellom Bakka og Tangerås. Ansvar: plan og byggesak
- Reguleringsplan for område i Belsen, bustadar for rus og psykiatri. Ansvar: plan og byggesak
- Reguleringsplan for tunell –Tokagjelet Fv –49. Ansvar: Vestland fylkeskommune / samfunn, næring og kultur.